



Til: Leiargruppa i Ulstein kommune

Innspel til budsjett og økonomiplan 2022-2024 for Ulstein kommune

Hovudtillitsvalte frå Delta, Fagforbundet, Norsk Sykepleierforbund, NITO og Utdanningsforbundet, samt Hovudverneombodet i Ulstein kommune takkar kommuneadministrasjonen og politikarane for samarbeid og involvering i prosessen med budsjett og økonomiplanen. Vi ser likevel med bekymring på dei føreslegne innsparingane som ligg føre til forslag til budsjett og økonomiplan for 2022-2024 for Ulstein kommune.

Kommunen er i ein utfordrande situasjon økonomisk og ein må freiste å finne løysingar til det beste for heile kommunen og alle tilsette som ein har ansvaret for. Tilbakemeldingane frå dei tilsette ute på dei ulike einingane i kommunen til oss tillitsvalde og Hovudverneombod er: sprengd arbeidskapasitet, tilsette som pressar seg til det ytterste for å yte god nok service ovanfor brukarane, og slitne tilsette som slit med å finne energi og overskot til ny arbeidsdag. Skal dei tilsette verte pressa ytterlegare med enda større arbeidsbelastning og færre tilsette så er vi svært bekymra for helsa til svært mange tilsette i Ulstein kommune.

Befolkningsveksten i kommunen er ikkje som før og prognosane har vore stabile over fleire år. I følgje tal frå folkeregisteret og SSB vil det i åra framover vere ei auke i befolkninga på over 60 år, samt reduksjon i barnetal, særskilt i krinsane. Skule og barnehage driv allereie godt innanfor tronge rammer. Rapporten frå Agenda Kaupang syner at omsorg driv effektivt og rimeleg. Vi ser ikkje korleis ein kan kutte, utan at det går utover arbeidsmiljøet for dei tilsette, og opplevd kvalitet for brukarane. Det er ikkje rom for fleire innsparingar utan å redusere tenestetilbodet.

Ulstein kommune har dei siste åra jobba med å bygge opp ein god heiltidskultur i kommunen. Heiltidskultur er avgjerande for å sikre kvalitet, betre arbeidsmiljø og tilstrekkeleg kompetanse i tenestane. Tilbakemeldingane frå dette arbeidet syner gode resultat. Å redusere stillingsstorleikar vil vere å reversere dette arbeidet.

Med helsing

HTV Delta, Greta Aurvåg

HTV NITO, Arild Støylen

HTV Fagforbundet, Hilde Ringen Hofseth

HTV Norsk Sykepleierforbund, Hege Sandnes

HTV Utdanningsforbundet, Hedvig Haakonsholm

Hovudverneombod i Ulstein kommune, Arne Sivertstøl